



STORTINGET

Innst. 17 S

(2021–2022)

Innstilling til Stortinget
fra utenriks- og forsvarskomiteen

Prop. 1 S (2021–2022) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022)

Innstilling fra utenriks- og forsvarskomiteen om Svalbardbudsjettet 2022

Til Stortinget

Innledning

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Åsmund Aukrust, Nils-Ole Foshaug, Eva Kristin Hansen og Rigmor Aasrud, fra Høyre, Hårek Elvenes, Ingjerd Schou, Erna Solberg og lederen Ine Eriksen Søreide, fra Senterpartiet, Marit Arnstad og Bengt Fasteraune, fra Fremskrittspartiet, Sylvi Listhaug og Christian Tybring-Gjedde, fra Sosialistisk Venstreparti, Ingrid Fiskaa, fra Rødt, Bjørnar Moxnes, fra Venstre, Guri Melby, og fra Kristelig Folkeparti, Dag-Inge Ulstein, fremmer i denne innstillingen forslag til bevilgninger på svalbardbudsjettet.

Sammendrag

Svalbard omfattar Spitsbergen, Prins Karls Forland, Nordaustlandet, Kong Karls Land, Barentsøya, Edgeøya, Hopen, Bjørnøya og alle holmar og skjær innanfor koordinatane 10° og 35° austleg lengd og 74° og 81° nordleg breidd. Svalbard har eit landareal på 61 022 km² og utgjer ca. 16 pst. av det totale landarealet i Kongeriket Noreg. Spitsbergen er den største øya i Noreg. Rundt 60

pst. av Svalbard er dekt av isbrear. Under 10 pst. av Svalbard har vegetasjon.

Svalbardtraktaten vart underteikna 9. februar 1920 og tok til å gjelde 14. august 1925. Frå same dag vart Svalbard ein udeleg og uavhendeleg del av Kongeriket Noreg gjennom ei eiga lov, Svalbardlova 17. juli 1925 nr. 11. Sysselmeisteren på Svalbard er den øvste representanten for regjeringa på øygruppa og tek vare på dei statlege interessene der.

Størsteparten av busetjinga på Svalbard ligg på øya Spitsbergen. Longyearbyen er det administrative sentret på Svalbard og er det største lokalsamfunnet. Utanom Spitsbergen bur det folk ved dei meteorologiske stasjonane på Hopen og Bjørnøya. Tal frå Statistisk sentralbyrå syner at folkemengda på Svalbard auka med 21 personar i 2020, dvs. 1,3 pst. Til samanlikning var auken i 2019 på 8 pst., som var den største folkeveksten dei siste ti åra.

Dei overordna måla for svalbardpolitikken ligg fast. Desse blei stadfesta i Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard:

- Ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- Overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og føre kontroll med at traktaten blir etterlevd
- Bevaring av ro og stabilitet i området
- Bevaring av den særegne villmarksnaturen i området
- Halde oppe norsk samfunn på øygruppa

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon samstundes med statsbudsjettet. Eit eige svalbardbudsjett synleggjer inntekter og utgifter på øygruppa.

Stortinget slutta seg til regjeringas ønske om å videreføre ordninga med eit eige svalbardbudsjett under behandling av Meld. St. 32 (2015–2016) Svalbard.

I Prop. 1 S (2021–2022) Tillegg 1 foreslår regjeringa ei budsjettramme for Svalbardbudsjettet for 2021 på 449,5 mill. kroner. Dei enkelte postane vert omtale, i Prop. 1 S (2021–2022) Svalbardbudsjettet og Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022).

Oversikt over forslag til løyvingar på svalbardbudsjettet 2022

Den følgjande oversikta viser rekneskapstal for 2020, vedteke budsjett for 2021 og forslag til løyving på svalbardbudsjettet for 2022. Inntektene er eksklusive tilskotet frå statsbudsjettet. Nærmare omtale av svalbardrekneskapen 2020 finst i Meld. St. 3 (2020–2021) Statsrekneskapen 2020.

	Rekneskap 2020	Saldert bud- sjett 2021	Forslag 2022	(i 1 000 kr)
Utgifter	582 752	570 158	639 956	
Inntekter	198 787	192 180	190 420	

Utgifter på programkategori 06.80 fordelte på kapittel

Kap. Nemning	Rekneskap 2020	Saldert bud- sjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/ 22	(i 1 000 kr)
1 Tilskot til Svalbard kyrkje	5 500	5 600	5 650	0,9	
3 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	187 416	156 110	160 290	2,7	
4 Tilskot til Svalbard Museum	13 312	13 700	14 000	2,2	
5 Sysselmeisteren (jf. kap. 3005)	72 063	74 500	75 616	1,5	
6 Sysselmeisterens transportteneste (jf. kap. 3006)	221 881	228 557	287 536	25,8	
7 Tilfeldige utgifter	55 572	62 236	67 200	8,0	
9 Kulturminnetiltak (jf. kap. 3009)	2 585	2 180	2 220	1,8	
11 Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard	1 938	1 976	2 200	11,3	
17 Norsk Polarinstitutt – refusjon	3 811	3 811	3 800	-0,3	
18 Navigasjonsinnretningar	4 182	5 867	5 400	-8,0	
19 Meteorologisk institutt – husleige Bjørnøya og Hopen	7 309	7 591	7 644	0,7	
20 Statsbygg Svalbard	2 224	2 240	2 300	2,7	
22 Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 3022)	4 959	5 790	6 100	5,4	
Sum kategori 06.80	582 752	570 158	639 956	12,2	

Utgifter på programkategori 06.80 fordelte på postgrupper

Postgr. Nemning	Rekneskap 2020	Saldert bud- sjett 2021	Forslag 2022	Pst. endr. 21/22	(i 1 000 kr)
1–23 Driftsutgifter	316 284	328 701	388 616	18,2	
30–49 Nybygg, anlegg m.m.	55 414	61 136	66 500	8,8	
50–58 Overføringer til andre statsrekneskapar	191 227	159 921	164 090	2,6	
70–89 Overføringer til private	19 828	20 400	20 750	1,7	
Sum under departementet	582 753	570 158	639 956	12,2	

Tabellen over syner postgruppe for 2020 og 2021 på dei postane løyvinga er plassert på i 2022.

Inntekter på programkategori 06.80 fordelt på kapittel

Kap. Nemning	Rekneskap 2020	Saldert bud- sjett 2021	Forslag 2022	(i 1 000 kr)
				Pst. endr. 21/22
3005 Sysselmeisteren (jf. kap. 5)	3 400	3 300	3 300	0
3006 Sysselmeisterens transportteneste (jf. kap. 6)	447	0	500	500
3009 Kulturminnetiltak (jf. kap. 9)	374	0	0	0
3022 Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 22)	330	330	270	-18,2
3030 Skattar og avgifter	194 236	188 550	186 350	-1,2
3035 Tilskot frå statsbudsjettet	406 119	377 978	449 536	18,9
Sum kategori 06.80	604 906	570 158	639 956	12,2

Komiteens merknader

Komiteen understreker at de overordnede målene for svalbardpolitikken ligger fast, og at forvaltningen av Svalbard skal være forutsigbar og bære preg av kontinuitet. Komiteen viser til at sammensetningen av befolkningen er i endring, og at befolkningen i Longyearbyen og Ny-Ålesund nå består av 35,4 pst. utenlandske statsborgere. Komiteen understreker at det er viktig at regjeringen fortsetter arbeidet med å sikre at Longyearbyen skal være et levedyktig norsk lokalsamfunn og administrasjonssenter, i tråd med målsettingen om å holde oppe norske samfunn på øygruppen.

Komiteen merker seg at det har blitt gjort vurderinger av alternative energiløsninger på Svalbard, og at regjeringen mener at en energiløsning basert på fornybar energi og diesel/multifuelteknologi er den mest gunstige.

Komiteens medlemmer frå Høgre, Venstre og Kristeleg Folkeparti merker seg at det vert jobba svært godt med ny energiforsyning til Longyearbyen, og støtter konklusjonane som er fatta så langt i prosessen. Desse medlemmene føreset at det i framhaldet vert halde eit høgt tempo på arbeidet. Det er viktig å sikre heilskaplege og robuste verdikjedar for energiforsyningane, som på sikt må bli karbonfrie. Vidare ein jobbe med korleis energiproduksjon av fornybar energi også kan skje på Svalbard. Desse medlemmene ber også regjeringa vurdere korleis ein gjennom næringsutvikling kan eksportere lokale energiløysingar på Svalbard til andre tilsvarande øysamfunn i Arktis for å bidra til eit lågare karbonavtrykk på den nordlege halvkule. Desse medlemmene vil her peike på dei initiativ som er teke i organisasjonar som Skift, hos næringsaktørar/klynger, hos Store norske og Lokalstyret for å finne gode teknologiløysingar som også fremmer norsk næringsliv.

Komiteen merker seg vidare at konseptvalgsutredningen om hvilke fremtidige behov et tjenestefartøy for Sysselmeisteren skal dekke, skal være ferdigstilt på nyåret i 2022, og at arbeidet med skredsikring er ventet avsluttet i 2022. Komiteen merker seg at det er foreslått å bevilge 75 mill. kroner til skredtiltak i Longyearbyen i 2022.

Komiteen noterer at det i dag fremdeles er stor usikkerhet i Longyearbyen om de økonomiske konsekvensene av virusutbruddet og de medfølgende smitteverntiltakene, og at reiselivet på Svalbard har blitt hardt rammet.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til budsjettforliket mellom de tre partiene, der det er foreslått betydelige satsinger på velferd og klimatiltak, som kombinert med skatte- og avgiftsendringer gir et mer rettferdig Norge. Inntektsgruppene med inntekt under 750 000 kroner får skatteutt sammenlignet med 2021. Økt satsing på grønn industri, endringer av klimarelaterte avgifter og en rekke andre klimatiltak vil bidra til at Norge kutter utslipp mot 2030. Flere av de usosiale kuttene til Høyre-regjeringen gjennom åtte år er reversert, og partiene gjør viktige velferdssatsinger som gratis halvdagsplass i SFO, billigere barnehage og forbedringer på tannhelse, noe som gir vanlige folk lavere utgifter og mer og bedre velferd.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet viser til at regjeringen Solberg la frem statsbudsjettet og gikk av 14. oktober 2021. Arbeiderparti-Senterparti-regjeringen tiltrådte samme dag og la frem tilleggsproposisjonen til statsbudsjettet 8. november 2021. Disse medlemmer viser til at Arbeiderparti-Senterparti-regjeringen har hatt kort tid til å vurdere endringer i budsjettet for 2022.

Disse medlemmer viser til at Hurdalsplattformen staker ut en ny og mer rettferdig kurs for landet,

hvor folk over hele Norge igjen skal oppleve at deres liv og interesser står øverst på dagsordenen. Forslagene som nå fremmes er et første skritt i retning av å nå målene i Hurdalsplattformen. Aller viktigst er trygt arbeid til alle og gode velferdstjenester nær folk i hele landet. Disse medlemmer vil understreke at det er ved å bygge på det beste ved landet vårt at vi får folk med på store samfunnsloft. Sterke fellesskap, høy tillit og små forskjeller er avgjørende for at folk trygt kan være med på å utvikle hele Norge. Disse medlemmer viser til at når regjeringen i budsjettforslaget prioriterer tiltak som svarer på utfordringer folk opplever i hverdagen, og som bygger opp tilliten og fellesskapet og ned forskjellene mellom folk, så ruster det også Norge for å løse de store utfordringene som ligger foran oss, som klimakrise, digitalisering, sentralisering og å løse velferdsstatens store oppgaver.

Disse medlemmer viser til at målet for regjeringens økonomiske politikk er en økonomisk vekst som bidrar til arbeid til alle, mer rettferdig fordeling som reduserer de sosiale og geografiske forskjellene, og en sterk velferdsstat med gode tjenester uavhengig av folks lommebok og bosted.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti er bekymret for at Longyearbyen er utsatt for sørpeskred fra Vannledningsdalen, i tillegg til snø-

skred fra fjellet Sukkertoppen. Disse medlemmer viser til at det foreslås å øke bevilgningene med 40 mill. kroner ut over forslaget i Gul bok 2022, for å gjennomføre tiltak for sikring mot sørpeskred fra Vannledningsdalen. Dette vil utgjøre avsluttende ledd i sikringsarbeidet for sentrum av Longyearbyen, et arbeid som ble påbegynt etter snøskredet i 2015. For å få ferdigstilt arbeidet i 2023 er det behov for å inngå kontrakter i 2022 med utbetaling i 2023. Disse medlemmer viser derfor til at det foreslås at regjeringen besitter en bestillingsfullmakt på 35 mill. kroner.

Disse medlemmer viser til at det i budsjettforliket er foreslått å korrigere en rekke bevilgninger for virkningen av endrede jobbreisevaner, herunder bevilgningen til svalbardbudsjettet med 20 000 kroner, og disse medlemmer foreslår derfor at kap. 480 post 50 reduseres med 20 000 kroner sammenlignet med regjeringens forslag.

Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti.

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre følgende

vedtak:

I

På statsbudsjettet for 2022 bevilges under:

Kap.	Post Svalbardbudsjettet	Per post kr	Sum kap. kr
	Utgifter		
1	Tilskot til Svalbard kyrkje		
	70 Tilskot til Svalbard kyrkje	5 650 000	5 650 000
3	Tilskot til Longyearbyen lokalstyre		
	50 Tilskot til Longyearbyen lokalstyre	160 290 000	160 290 000
4	Tilskot til Svalbard Museum		
	70 Tilskot til Svalbard Museum	14 000 000	14 000 000
5	Sysselmeisteren (jf. kap. 3005)		
	1 Driftsutgifter	75 616 000	75 616 000
6	Sysselmeisterens transportteneste (jf. kap. 3006)		
	1 Driftsutgifter	287 536 000	287 536 000
7	Tilfeldige utgifter		
	30 Skred- og bustadtiltak, <i>kan overføres</i>	66 100 000	
	70 Diverse tilskot	1 100 000	67 200 000
9	Kulturminnetiltak (jf. kap. 3009)		
	1 Driftsutgifter	2 220 000	2 220 000
11	Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard		
	1 Driftsutgifter	2 200 000	2 200 000

Kap.	Post Svalbardbudsjettet	Per post kr	Sum kap. kr
17	Norsk Polarinstitutt – refusjon		
	50 Refusjon	3 800 000	3 800 000
18	Navigasjonsinnretningar		
	1 Drift og vedlikehald	5 000 000	
	30 Nyanlegg og større vedlikehald, aerolykter og maritime fyr	400 000	5 400 000
19	Meteorologisk institutt – husleige Bjørnøya og Hopen		
	1 Driftsutgifter	7 644 000	7 644 000
20	Statsbygg, Svalbard		
	1 Driftsutgifter	2 300 000	2 300 000
22	Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 3022)		
	1 Driftsutgifter	6 100 000	6 100 000
	Sum utgifter	639 956 000	639 956 000
Inntekter			
3005	Syssemeisteren (jf. kap. 5)		
	1 Diverse inntekter	300 000	
	2 Refusjonar m.m.	3 300 000	3 300 000
3006	Syssemeisterens transportteneste (jf. kap. 6)		
	1 Leigeinntekter frå private	0	
	2 Refusjonar frå det offentlege	500 000	500 000
3009	Kulturminnetiltak (jf. kap. 9)		
	1 Diverse inntekter	0	0
3022	Skattekontoret, Svalbard (jf. kap. 22)		
	1 Diverse inntekter	270 000	270 000
3030	Skattar og avgifter		
	70 Skattar m.m.	185 000 000	
	71 Utførselsavgift	350 000	
	72 Utmålsgebyr, årsavgift	1 000 000	186 350 000
3035	Tilskot frå statsbudsjettet		
	50 Tilskot	449 536 000	449 536 000
	Sum inntekter	639 956 000	639 956 000

II

§ 1 Bruksområde for vedtaket

Dette vedtaket gjeld utskriving av skatt på formue og inntekt for inntektsåret 2022 etter føresegnene i lov 29. november 1996 nr. 68 om skatt til Svalbard. Vedtaket gjeld òg som grunnlag for utskriving av forskot på skatt for inntektsåret 2022, jf. lov om skatt til Svalbard § 5-1.

§ 2 Skatt på formue

Skatt på formue blir utrekna etter desse satsane:

- Personleg skattepliktig og dødsbu:
Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten og kommunane (maksimumssats).
- Selskap og samanslutningar som nemnde i skattelova § 2-36 andre ledd, og som ikkje er fritekne etter skattelova kap. 2:

Det blir nytta same satsar og grensebeløp som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet for formuesskatt til staten.

§ 3 Skatt på inntekt

Skatt på inntekt blir utrekna etter desse satsane:

- Inntekt som blir skattlagd ved lønnstrekk etter svalbardskattelova § 3-1:
Låg sats: 8 pst.
Høg sats: 22 pst.
- 22 pst. av den delen av selskapsoverskot som er høgare enn 15 mill. kroner, og som overstig summen av
 - 10 gonger kostnadene til lønn som blir skattlagd ved lønnstrekk
 - 0,20 gonger skattemessig verdi av anlegg, fast eigedom og annan realkapital som er på Svalbard ved utgangen av inntektsåret.
- Anna inntekt: 16 pst.

Personlege skattyttarar skal ha eit frådrag i alminnelig inntekt som er omfatta av bokstav c, på 20 000 kroner.

§ 4 *Avrundingsreglar*

Ved utrekning av skatt skal formue og inntekt rundast nedover til nærmaste heile krone.

§ 5 *Normalrentesatsen for rimeleg lån i arbeidsforhold*

Normalrentesatsen som nemnd i skattelova § 5-12 fjerde ledd, jf. svalbardskattelova §§ 3-1 og 3-2, skal vere den same som Stortinget har vedteke skal gjelde på det norske fastlandet.

§ 6 *Aksjonær i utlandet*

Skatt på utbytte m.m. etter skattelova § 10-13, jf. svalbardskattelova § 3-2, er fastsett til 20 pst.

§ 7 *Inntekt etter svalbardskattelova § 6-3*

For inntekt som blir skattlagd etter svalbardskattelova § 6-3, skal satsen vere 8 pst.

III

Meirinntektsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2022 kan overskride løyvinga på

1. kap. 5 post 1, tilsvarende inntekter ut over vedteke budsjett på kap. 3005 post 2.

2. kap. 6 post 1, tilsvarende inntekter ut over vedteke budsjett på kap. 3006 post 2.
3. kap. 9 post 1, tilsvarende inntekter ut over vedteke budsjett på kap. 3009 post 1.

IV

Meirinntektsfullmakt

Stortinget samtykkjer i at Finansdepartementet i 2022 kan overskride løyvinga på kap. 22 post 1, tilsvarende inntekter ut over vedteke budsjett på kap. 3022 post 1.

V

For budsjetterminen 2022 skal det svarast avgift til statskassen av kol som blir utført frå Svalbard, etter dei følgjande satsane:

- 1,0 pst. av verdien for dei første 100 000 tonna,
- 0,9 pst. av verdien for dei neste 200 000 tonna,
- 0,8 pst. av verdien for dei neste 300 000 tonna,
- 0,7 pst. av verdien for dei neste 400 000 tonna,
- 0,6 pst. av verdien for dei neste 500 000 tonna,
- 0,5 pst. av verdien for dei neste 600 000 tonna,
- 0,4 pst. av verdien for dei neste 700 000 tonna,
- 0,3 pst. av verdien for dei neste 800 000 tonna,
- 0,2 pst. av verdien for dei neste 900 000 tonna,
- 0,1 pst. av verdien for dei neste 1 000 000 tonna.

Oslo, i utenriks- og forsvarskomiteen, den 7. desember 2021

Ine Eriksen Søreide

leder

Sylvi Listhaug

ordfører

